

# MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** 29.10.2010  
**Stad:** Flå, Thon Hotel Bjørneparken

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

## **Desse møtte frå Regionrådet:**

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Erik Kaupang,	Hol kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.  
Rådmannsutvalet deltok i sak 55, 56, og fyrste punkt under eventuelt.  
Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Dag Stenersen og regionkontakt Terje Moen

---

## **SAK 54/10 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 27.8.2010**

### **Vedtak**

Møteprotokoll 27.8.2010 vart vedteke.

## **SAK 55/10 PROFILERING AV HALLINGDAL**

### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal tek initiativ til eit større samla prosjekt med tittelen "Hallingdal 2020". Under dette prosjektet kan det vera ulike sjølvstendige prosjekt som byggjer oppunder ein felles retning.
2. Regionrådet for Hallingdal tek ansvar for prosessen "Hallingdal 2020", med organisering og finansiering.
3. Regionrådet for Hallingdal oppmodar kommunane til å delta aktivt i arbeidet rundt "Hallingdal 2020" og til å ta initiativ til gode prosessar.
4. Dagleg leiar får fullmakt til å etablere ei førebels arbeidsgruppe som har ansvar for samling/idédugnad og arbeid fram til styringsgruppe er etablert.
5. Det er ei målsetting at samling/idédugnad skal gjennomførast innan 1.3.2011.
6. Regionrådet for Hallingdal vil i etterkant av samling/idédugnad etablere ei breitt samansatt styringsgruppe og prosjektgruppe.
7. Styringsgruppe får ansvaret for gjennomføring av forprosjekt som skal klargjera ambisjonsnivå, formulere formålet og målsettingane for eit hovudprosjekt.
8. Av ei stipulert kostnadsramme på kr. 420.000 til førebuande arbeid, samling/idédugnad og gjennomføring av forprosjekt, rår Regionrådet for Hallingdal til at det blir løyvd 50% av kostnadane, inntil kr. 210.000, av midlar frå partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2010. Resterande 50% blir finansiert av midlar til Strategisk plan for Hallingdal og eigeninnsats.
9. Det er ei målsetting at forprosjekt er gjennomført innan 1.10.2011.
10. Med bakgrunn i konklusjonane i forprosjektet skal det gjennomførast eit hovudprosjekt, der det og blir utvikla eit felles profileringsprogram.
11. Regionrådet for Hallingdal vil handsame finansiering og gjennomføring av hovudprosjekt som eigen sak.

## **SAK 56/10 VASSREGION HALLINGDAL, ORGANISERING AV PLANARBEIDET**

### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal og rådmannsutvalet vedtek slik organisering for planarbeidet med vassregion Hallingdal, under føresetnad om godkjenning frå Krødsherad kommune:

- Vassområdeutval/styringsgruppe  
Regionrådet for Hallingdal og ordførar i Krødsherad kommune er vassområdeutval/styringsgruppe i arbeidet med gjennomføring av vassdirektivet.
- Administrativ prosjektgruppe  
Hege Mørk (leiar i Rådmannsutvalet) og Knut Arne Gurigard (dagleg leiar Regionrådet for Hallingdal) får i oppgåve å etablere administrativ prosjektgruppe for arbeidet. Dette skal gjerast i samråd med Krødsherad kommune.
- Temagrupper  
Nødvendige temagrupper/arbeidsgrupper blir vurdert undervegs i arbeidet.
- Prosjektleiar  
For gjennomføring av arbeidet med vassregion Hallingdal er det nødvendig med prosjektleiar i 50% stilling, for ein periode på 4 år. Det kan her vera aktuelt med eit samarbeid med Valdres, om prosjektleiar i 100 % stilling.  
Dagleg leiar får fullmakt til å arbeide vidare med tilsetjing av prosjektleiar, fortrinnsvis i samarbeid med Valdres.

## **SAK 57/10 SØKNAD OM TILSKOT HALLINGDAL ETABLERERSENTER**

### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd tilskot på kr. 225.000,- til Hallingdal Etablerersenter for 2010.
2. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2010.
3. Regionrådet for Hallingdal ber Buskerud fylkeskommune vurdere om tilskot til dei regionale etablerersentra blir vurdert som eit regionoverskridande tiltak, slik det var før 2009.

## **SAK 58-10 SØKKNAD OM TILSKOT, NICE VIEW STUDIO**

### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 75.000 av ein total kostnad på kr. 500.000, til Nice View Studio ved Pål T. Rørby, til eit utviklingsprosjekt som skal resultere i etablering av eit produksjonsselskap for 3D dataanimert film i Hallingdal.

Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2010.

Regionrådet for Hallingdal legg vekt på at etableringa skal nytte kompetanse frå fleire kommunar og er planlagt med ei regional tilnærming, med bruk av "Aal Stasjon" som digital base. Denne type etablering blir og vurdert som viktig med tanke på mangfald og arbeidsplassar av interesse for unge.

## **SAK 59/10 HALLINGDAL REISELIV, EVALUERING AV SATSINGA PÅ EVENTYRVEGEN OG "HULDRA".**

Styreleiar Ragnhild Kvernberg og dagleg leiar Gunn Eliassen i Hallingdal Reiseliv orienterte om evaluering/resultat i forhold til satsinga på Eventyrvegen og "Huldra" (vedlegg 1).

## **SAK 60/10    EVENTUELT**

### **Høyring, ny lov om kommunale helse- og omsorgstjenester, ny lov om folkehelse og grunnlaget for ny nasjonal helse- og omsorgsplan**

Regjeringa har sendt ut på høyring tre helsedokument:

- Ny lov om kommunale helse- og omsorgstjenester
- Ny lov om folkehelse
- Grunnlaget for ny nasjonal helse- og omsorgsplan

Høyringsfrist er 18.1.2011

Rådmannsutvalet har bede Steinar Aa koordinere og formulere forslag til høyringsuttale på vegne av kommunane i Hallingdal. Fokus vil her vera det som gir særlege utfordringar og/eller som Hallingdal må vera ekstra merksame på.

Kommunehelsesamarbeidet Vestre Viken (26- kommunerssamarbeidet) vil utarbeide eit forslag til uttale, med fokus på det kommunane i samarbeidet måtte ha andre oppfatningar om enn det som ligg i departementet sine framlegg. Dette utkastet vil ikkje vera klart før 8.12.2010.

KS- BTV lagar og eit utkast til uttale som vil vera klar 20.11.2010.

Forslag frå både 26- kommunerssamarbeidet og KS vil vera verdifulle for arbeidet som må gjerast i Hallingdal.

P.g.a. svært stramme tidsfristar vart det drøfta korleis prosessen i Hallingdal bør gjennomførast. Ut frå drøftingar og avklaringar i ettertid er det lagt opp til slik prosess i Hallingdal:

- Steinar Aa utarbeidar forslag til uttale ut frå innspel frå 26- kommunerssamarbeidet, KS og eigne vurderingar med fokus på Hallingdal, som blir oversendt Regionrådet seinast 13.12.2010.
- Regionrådet/rådmannsutvalet handsamar saka 17.12.2010
- Det enkelte formannskap/kommunestyre handsamar event. saka innan høyringsfristen 18.1.2011.

### **Fylkesmannen i Buskeruds forvaltning av rovvilt – henstilling om å gi skadefellingsløyve**

Buskerud fylkesting vedtok i møte 21.10.2010, med 32 mot 11 stemmer, å oppmode Fylkesmannen i Buskerud om å forlengje frist for skadefellingsløyve på bjørn i Numedal og Hallingdal, utover frist for lisensjakt, som er 15.oktober.

Dagleg leiar formulerar ei uttale som støttar opp om fylkestinget sitt vedtak.

Ål 8.11.2010

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg 1:    Hallingdal Reiseliv, evaluering/resultat i forhold til satsinga på Eventyrvegen og ”Huldra